



# Årsmelding 2021

---

## Styret i EIL har vore samansett slik :

Leiar	Per-Øyvind Sørbø
Nestleiar	Kristen Stæger Breisnes
Skrivar	Inger Johanne Sørbø
Økonomi	Liv Torsvik Myrvollen
Styremedlem	Solveig Svardal

---

## Leiarar i Gruppene:

Friidrettsgruppa	Cathrine Holsen Gardner ( Kenn A .Hallstensen )
Skigruppa	Stig Solheim
Fotballgruppa	Ole Jacob Endestad
Basketgruppa	Andre HatlesteH
Handballgruppa	Marco Scharschmidt

## Valnemd:

Leiar	Kristoffer Knapstad
Nestleiar	Hilde Dahlberg
Medlem	Lars Inge Eikefjord

Revisorar: Arna F. Hopen og Trine T.Hovland

**2021 er historie** og EIL kan sjå tilbake på eit hektisk og innholdsrikt år ( med mykje korona.)


Samme kor ein snur og vender på det kjem vi ikkje utanom korona n . Den har sett sitt preg på heile landet med diverse restriksjoner som også har gått utover aktiviteten i vårt eige Idrettslag. Gruppene rapporterer om avlyste arrangement ,seriespel og treningar. Konsekvensane av denne «landeplaga» ser vi nok ikkje heilt og fullt endå ,men vi krysser fingrer og alt anna om at fråfallet i idretten ikkje har ramma oss for hardt – og at vi går mot eit normal år i 2022.

I 2021 har vi hatt både fysiske møter og teams møter. Vi har hatt styremøter– 3 utvida styremøter med alle gruppeleiarane – teamsmøter med NIF Vestland og møte m NIF lokalt ( Førde ) Vi har hatt teamsmøte med NIF Vestland og alle gruppestyrene og vi har vore på klubb besøk til naboen vår i Naustdal – Tambarskjelvar IL

**Eikefjord IL** har tatt inn NIF s Lovnorm for fleiridrettslag som styringsverktøy i Idrettslaget . Den vart vetatt på NIF s ting hausten 2020 . Lovnormen og organisasjonsmodellen /plan er nok den enkeltsaka som har vore mest diskutert og jobba med i i styret i 2021. No har Idrettslaget fått meir struktur og system på arbeidet . Vi går inn i 2022 med ei driftsform som er tilpassa eit fleiridrettslag – og vi har fokus på aktivitet og godt samarbeid mellom gruppene og styret . I tillegg til dette er nok diskusjonen omkring forslaget om å starte opp med Allidrett ( sjå styresak ) som har tatt tid og engasjement .

På anleggsida er det nok kunstgrasbana som har tatt mest tid og som har vore prioritet nr.1 i 2021. At det no vert skifta det gamle «graset « med nytt kunstgras betyr veldig mykje for Idrettslaget generelt og fotballgruppa spesielt. Gode anlegg til utøvarane våre er viktig både for rekrutteringa og gleden med å drive idretten . Vi ser fram til opninga i Mai 2022. og takker Kinn Kommune for eit godt samarbeid og det politiske miljøet for å stå for vedtaket å løyve 2 millioner til dette tiltaket Turstien i Hamna – ny trase og bru - starta vi og opp i 2021 . No ser vi fram til å ha ein samanhengande tursti rundt heile bygda stå klar i første halvdel av 22.

Styret er glad for at vi går inn i 2022 med ein solid og ordna økonomi . Det er kanskje den viktigaste faktoren for å drive godt idrettslags arbeid . Regnskapet viser at vi har auka pengekapitalen vår på bok frå 1,7 mill i 2020 til 2,5 mill i 2021 . Det er eit resultat som gir oss handlefrihet og som gir oss muskler til å utvikle Idrettslaget vidare. Årsaka til økninga er rett og slett at vi har hatt mindre utgifter ( pga korona n ) og at vi får pay back for den store innsatsen vi har lagt ned i tursti prosjektet vårt i sørmarka . Utbetalinga på spelemidler i det prosjektet utgjorde ca kr. 450.000,- Kan vi samarbeide på tvers av gruppene og løfte i samla flokk kan vi få til utruglig mykje i framtida . Men,det er viktig med ambisjoner og at vi tørr å tenke store tanker !!



**Kunstgrasbana** – endelig får vi nytt kunstgras !!! Vi gikk frå grus til kunstgras i 2005 – Den gamle bana har gjort nytten i 17 år og vi har vore godt fornøgd med kvaliteten på bana . Det er alltid like spennande å sjå kvaliteten og eigenskapande til ei ny bane .

Det er Unisport Scandinavia AS som skal levere kunstgraset– type: Polar 33mm-PRF10 pad – sand – resirkulert SBR gummi.

EIL har gjort mykje god dugnad i forkant – godt organisert av banemester Even Hamn .  
Totalkostnaden for idrettslaget vil nærme seg kr.250.000,- når bana står ferdig 15.Mai 2022

## Selet på Eikefjord støylen

« It s hope in the hanging snore « Det har vore mykje fram og tilbake når det gjelder vår nye dagsturhytte . Det såg lyst ut når Flora Kommune var eiger av Lien eigedomen og vi hadde eit samla politisk vedtak i formannskapet om å få sette opp att det gamle og delvis nedrivne selet. Kongstanken var og er at dette skulle være eit hus for alle – ulåst hytte som alle kunne bruke . Hytta har fått støtte frå Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane Sparebank på kr.100.0000,- Hausten 2021 gjorde EIL avtale med 2.kl på tømmerlinja om å bygge hytta . Lærer Kurt Mulehavn har vore ein god medspelar for EIL .

Som alle veit heiter vi no Kinn Kommune og det har komt fram ein del skjær i sjøen . Først og fremst har statsforvaltaren gitt beskjed om at denne «handelen « er i strid med konsensjonslova og ikkje kan gjennomførast . Dernest er heller ikkje den nye grunneigaren nokon særlig lysten på ei bruksavtale med EIL . Vi står på stedet hvil -men håper på ein løysning tidlig vår 2022

Kurt Mulehavn – lærar flora vid skule /tømmerlinja og leiar i EIL på Eikefjord støylen sept 22.



Slik står hytta på vidergående skule – Februar 2022



Døra står open – som eit symol på at den skal være open for alle som ferdast i fjellet .

# Arena Kvalvik ( grasbana) – Kva no ???



8
TIRSDAG 16. JULI 2002
WWW.FRIKAMPSTEN.NO
WWW.FRIKAMPSTEN.NO
TIRSDAG 16. JULI 2002
9

# Footballfest i Eilefjord

## Ny toppkamp neste år

**EIKEFJORD:** Arrangør Anders Ole Samuelsen løva godser under kampen mellom Lillestrøm og Spangdal søndag og heldet ord. Over 700 var komne til Eikefjord Stadion, noko som betyr ei fin overskot i klubbkassa.

Sidan søndag har eilefjordlaget fått Århus inn i Eikefjord, og bygdja har stått på beina for at det skulle ligga til rette for Eilefjord-laget. Kampen søndag var innleiing for den store fotballfesten. Vel 700 tilskuere, inkludert vel eit over 50 000 kroner på inntekt for klubben. Men ramma for kampen bygdja den midlærige andelen og arbeidslova to sportslige skaper i rikdom og form, er vakkert langt meir enn det som er mogleg å sjå på i løpet av kampen. Blått med eit sikkilv.

**Profiling**  
Eikefjord har profilert bygdja og kommunen. Eilefjord har ei stor sportslig og kulturprofil. Det er ei stor del av det som har gjort Eikefjord til ein av dei mest populære i Norge. Det er ei stor del av det som har gjort Eikefjord til ein av dei mest populære i Norge. Det er ei stor del av det som har gjort Eikefjord til ein av dei mest populære i Norge.

**TOPPKAMP:** Eilefjordlaget har vorte medlemmer i Eilefjord. Det var 711 berolande som fekk med seg opplegg med musikk, Eilefjord og Spangdal. Eilefjord var det 2. beste i Eilefjord. (Foto: Dag Froyen)







**Röslar og adason debuterte**

KALVAG: Den tidligere landslagsmannen Röslar og adason debuterte i Eilefjordlaget. Det var ei stor del av det som har gjort Eilefjord til ein av dei mest populære i Norge.

**BRANN NESTE ÅR**

Spangdal har vorte medlemmer i Eilefjord. Det var ei stor del av det som har gjort Eilefjord til ein av dei mest populære i Norge.

**DEBUTANTE:** Eilefjordlaget var den første i Eilefjord. Det var ei stor del av det som har gjort Eilefjord til ein av dei mest populære i Norge.

**AUTOGRAF:** Eilefjordlaget var den første i Eilefjord. Det var ei stor del av det som har gjort Eilefjord til ein av dei mest populære i Norge.

## Tursti Hamna

Idrettslaget, sammen med grunneiger og Kinn Kommune er i gang med ein ny trase på turvegen i Hamna. Den går langs elva- ca 200 m med ny trase og ny bru . Opning av denne er tenkt Mai mnd i 2022. Mykje av arbeidet starta hausten 2021 og skal gjerast ferdig no når snøen slepp taket .

## Avtale om overtaking av driftsansvarlig for fleirbrukshallen og stadion

Kinn Kommune ønsker at Eikefjord Idrettslag tar over driftavtalen på Fleirbrukshallen og Idrettsanlegget i Kvalvika . Det er ein utalt strategi frå Kinn kommune si side at dei vil at Idrettslaga skal drifte anlegga som dei sjølv disponerer . Driftavtalen i hallen strekker seg frå kl 16.00 – 24.00 om ettermidagen på kvardager + helg. Kommunen vil fortsatt stå for vask og vedlikehold + betale for strøm. No gjenstår det forhandlinger om kva pris som skal stå i avtalen .

## Trimpoeng

Vi gjentok suksessen frå 2020 med trimpoeng konkurransen. Det er eit lavterskel tilbud der du konkurrerer mest mot deg sjølv ( og litt naboen ) Vi hadde 172 påmeldte der 162 registrerte seg med turer . På heimsida vår ligg resultat for antal turer og poeng . Like kjekt er det at vi fekk vår gode naboer i Flora Turlag til å starte opp med det samme tiltaket. Det vart ein kjempesuksess der mange Eikefjordingane også deltok.

## Poengtoppen

1. Monica Anette Knapstad
2. Ove Hatleset
3. Jofrid Sundal
4. Inge Høyserh
5. Tore Øren
6. Vidar Knapstad
7. Irene Knapstad
8. Mette Osland
9. Anne Karin Havn Vasby
10. Jan Agledal

## Tidtakersystem

EIL har gått til innkjøp av nytt tidtakersystem frå EMIT as . Med EmiTag systemet får vi ein heilt ny kvardag mtp tidtakersystem – der vi sparer på både arrangør ressurser og gir bedre og raskere service /oppdatering til deltakerene mtp resultater. Dette er eit spleiselag mellom hovedlaget, friidrett- og skigruppa . Totaltkostnad ca kr. 150.000. Vi søkte sparebank stiftinga om støtte ,men fekk dessverre avslag på søknaden .

## 2022 Frivillighetens år

Vi avslutter året 2021 med å rigge oss for frivillighetsåret 2022. Det er eit nasjonalt fokus på det frivillige arbeidet i lag og organisasjoner i 2022. Eikefjord Idrettslag vil markere dette på ulike måter . Vi vil samarbeide med andre lag og organisasjoner for å vise det gode frivillige arbeidet som blir gjort i bygda og vi vil sjølvsagt ha eit spesielt fokus på idretten . Vi håper at du vil merke det på den måten vi markedsfører oss på i det nye året . Vi har som mål at vi skal fortelle dei gode historiane – få fram alt det gode frivillige arbeidet som vert gjort i HEILE idrettslaget . Vi skal sammen bygge merkevara Eikefjord Idrettslag .



Eikefjord Idrettslag – Styret

Sjølv om vi legg bak oss eit år med korona og mange nedturer for aktive barn og vaksne – er det i alle fall nokon som ikkje svikter oss:

TAKK FOR STØTTEN ALLE GODE SPONSORER !!!

### HOVUDSPONSORAR





